

## **Emnerapport haust 2017**

**Emnekode og navn:**

**NORSK623 – Norsk 2, modul A. Nordisk språk 2: Språkhistorie og talemål**

### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** To faglærarar og éin fagdidaktikar: éin faglærer hadde undervising på samling 1, éin faglærar hadde undervising på samling 2 og 3. Fagdidaktikar hadde undervising på alle tre samlingane. Gjennomført som planlagt.

**Strykprosent og fråfall:** Det var 21 studentar. 20 gjennomførte i haustsemesteret, ingen strauk.

**Karakterfordeling:** Nokså normal: A: 1 (5 %), B: 5 (25 %), C: 11 (55 %), D: 3 (15 %).

**Studieinformasjon:** Ikkje noko særskilt å kommentera.

**Tilgang til relevant litteratur:** Ingen rapporterte problem.

### **Faglærar si vurdering av rammevilkåra**

**Lokale og undervisningsutstyr:** Det var bestilt alt for små undervisingsrom for føremålet. Når studentar og lærarar skal ha heildagsundervising, krevst store og luftige rom, ikkje minst fordi desse studentane typisk har med seg reisebagasje begge dagane (dvs. både ankomst- og avreisedagen). Til første dagen av samling to var i tillegg det bestilt eit rom med alt for liten kapasitet, slik at det ikkje var nok sitjeplassar til alle, noko som førte til at det måtte bytast rom på kort varsel på andre samling, og sidan det ikkje då var råd å finna eit rom som var ledig heile dagen, måtte ein byta til endå eit nytt rom etter lunsj.

**Andre forhold:** Nei.

### **Faglærar sin kommentar til studentevalueringane**

Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane. Dette er første gongen emnet går ved UiB, og dermed første gongen det vert evaluert. Det var i alt 16 respondentar, av dette responderte 13 på heile undersøkinga.

Studentane vart for kvart av dei åtte første spørsmåla bedne om å kryssa av for eitt av fem alternativ.

I dei tre siste spørsmåla vart dei bedne om å leggja inn fritekstkommentarar på spørsmåla.

Oppsummering av svara:

«Generelt sett, kor nøgd er du med emnet?»

57 % svarte ‘svært nøgd’, 43 % svarte ‘ganske nøgd’

«Framstår emnet som eit heilsakeleg kurs? (samsvar mellom ulike delar, god nok tid på kvart tema, pensum)»

50 % svarte 'ja, i stor grad', 43 % svarte 'i nokså stor grad', 7 % svarte 'korkje eller'

«Kor nøgd er du med førelesingane på emnet?»

50 % svarte 'svært nøgd', 50 % svarte 'ganske nøgd'.

«Generelt sett, kor stort læringsutbyte har du hatt av å følgja førelesingane?»

57 % svarte 'stort utbyte', 43 % svarte 'nokså stort utbyte'.

«Kor nøgd er du med pensum?»

36 % svarte 'svært nøgd', 57 svarte 'ganske nøgd', 7 % svarte 'korkje eller'.

«Kor stort læringsutbyte har du hatt av å lesa pensumlitteraturen?»

43 % svarte 'stort utbyte', 57 % svarte 'nokså stort utbyte'.

«Var pensumengda tilpassa kurset sitt omfang?»

29 % svarte 'ja, i stor grad', 71 % svarte 'i nokså stor grad'.

«I kva grad er du nøgd med informasjonen du har fått om praktiske sider ved emnet, som fristar, eksamsordningar osv.?»

71 % svarte 'svært nøgd', 21 % svarte 'ganske nøgd', 7 % svarte 'korkje eller'.

På fritekstspørsmålet «Er det noko i undervisninga du er spesielt godt nøgd med?» trekte alle respondentene fram førelesingane og/eller førelesarane.

På fritekstspørsmålet «Har du innspel om korleis emnet kan bli betre?» etterlyste respondentane meir førelesingar og mindre gruppearbeid/-diskusjonar, mindre vekt på læreplanen i norsk, meir pensum nært og konkret didaktikkopplegg, og mindre detaljrik og tunglesen pensumbok i språkhistorie. Det er ikkje oppgjeve her om kommentaren gjeld «Hovuddrag i norsk språkhistorie» av

Torp & Vikør eller «Tekst i tid og rom», av Otnes og Aamotsbakken, som begge var på pensumlista i språkhistorie.

På fritekstspørsmålet «Har du andre kommentarar til emnet?» svarte fleire ‘nei’, éin svarte at det var ukjårt kva krav emnet hadde samanlikna med vanleg årseining i nordisk, éin svarte at pensum burde kortast ned grunna overlapp, to etterlyste mindre diskusjon i didaktikkdelen, tre svarte med generell ros til emnet og/eller føredragshaldarane.

**Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Tilbakemeldingane tyder på at vi bør halde fram som før i store drag, med mindre endringar, då responsen frå studentane samla sett er overvegande positiv.

Emneplanen vert revidert – punktet «kandidaten har god kunnskap om korleis ein kan analysere grammatiske og fonologiske strukturer i norske talemålsvariantar» vert stroke. Dette gjev rom for å justera og endra pensum i talemål. Pensum bør vurderast i høve til mengd og vanskegrad når det gjeld talemål og språkhistorie, eventuell overlapp mellom talemål og sosiolinguistikken, og i høve til eventuelle behov for fonetikk-kunnskapar. Delar av første samling måtte setjast av til fonetikkundervising for å sikra at studentane fekk utbyte av den påfølgjande undervisinga i språkhistorie og talemål, der pensum føreset at ein har forkunnskapar i (m.a.) fonetikk. Opplegget i didaktikkdelen bør ha mindre studentaktivitet og vera tydelegare knytt til pensum.

Studentane bør få informasjon om krav til nivå og i tillegg tips til korleis skriva gode eksamenssvar, då heimeeksamen, som er vurderingsordninga i emnet, er ein særeigen sjanger som stiller særeigne krav til studentane, og det er langt frå gjeve at alle kjenner denne sjangeren frå før. Det digitale eksamenssystemet Inspira viste seg å vera lite intuitivt, og det er viktig at administrativt personale gjev god og utførleg informasjon om innleveringsprosedyren på førehand og i tillegg er tilgjengeleg for tekniske spørsmål i samband med innlevering av eksamensoppgåver. God informasjon om alle aspekt ved studiet og rask respons på spørsmål er generelt sett svært viktig i eit fjernstudium der studentane er i jobb ved sida av.

Det viste seg at desse studentane ser ut til å føretrekkja at samlingane på same nivå (1 eller 2) kjem på same vekedagar både i haust- og vårsemesteret, sidan skuleverket sine timeplanar går over skuleår og ikkje over semester. Vi fekk bytt samlingsdagar for våren 2018 etter ønskje frå studentane, og denne ordninga bør innførast permanent.